



KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for Tokke Kommune Nr. 1-2025, årgang 39.



KONTAKTINFORMASJON FOR KYRKJESTABEN:

E-post: kyrkjekontoret@tokke.kommune.no - Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 52 30- Heimeside: www.kyrkja.tokke.no

Kontoret har faste opningstider tysdag og onsdag 10-14, men er ofte ope også andre dagar.

KYRKJESTABEN

Fungerande kyrkjeverge Gunnar

Øverland

Telefon: 97 10 18 30

Epost: kyrkjevevja@tokke.kommune.no

Epost: stale.skafsa@tokke.kommune.no

Organist Robertas Lamsodis

Telefon: 97 09 74 75

E-post: rlamsodis@yahoo.com

Sokneprest i Eidsborg, Mo og Skafså

Hallvard N. Jørgensen

Telefon: 95 92 29 84

Epost:

hallvard.jorgensen@tokke.kommune.no

SOKNERÅDSLEIARAR

Eidsborg, Mo og Skafså: Tone Dale

Solvang

Høydalsmo og Lårdal: Marit Djuve

Sokneprest i Høydalsmo og Lårdal

Nina Kirkerød

Telefon: 91 86 20 89

Epost: nina.kirkerod@vinje.kommune.no

LEIAR OG NESTLEIAR I TOKKE

KYRKJELEGE FELLESRÅD

Gunnar Øverland og Camilla Lagergren
Knudsen

.....
Framsida: Tre kakeglade menn.

Oscar Garnes, Per Emmanuelsen og

Gunnar Øverland.

Prostidiakon Eilev Erikstein

Telefon: 91 11 35 80

Epost:

eilev.erikstein@tokke.kommune.no

I REDAKSJONEN:

Hallvard N. Jørgensen (redaktør),

Eilev Erikstein, Gunstein Seltveit,

Christian Utigard.

Sekretær Tone Solli Lundstad

Telefon: 35 07 52 30/90 56 12 33

E-post:

tone.solli.lundstad@tokke.kommune.no

Kyrkjelydsbladet «Kyrkjelyden»

Vipps 3886, alternativ 1

«Kyrkjelydsbladet i Tokke». Eller:

Kontonummer 2685.07.06947. Dersom

du gjev gåve på bankkonto, merk

overføringa «Gåve, kyrkjelydsbladet».

Bladet drivast no på frivillig basis i alle

ledd, men ein treng stønad til trykking av
blad.

Kyrkjetenar Jan Haddad

Telefon: 94 98 16 45

Epost: jan.haddad@tokke.kommune.no

Kyrkjetenar Ståle Skafså

Telefon: 99 04 06 46

PRESTENS HJØRNE

For nokre månader sidan fekk Oslo ein ny biskop, Sunniva Gylver. Ho er kjent som ein varm og tydeleg prest. Ho har mellom anna vore på «Korsvei»-festival i Seljord og halde bibeltimar der. Men då Gylver vart innsett, vart det også ein del diskusjon på nettet. Det gjekk nemleg «viralt» at Gylver hadde vore ansvarleg for gudstenester med «yoga-øvingar» i kyrkjerommet.

Spørsmålet om «yoga i kyrkja» reiser eigentleg ei større problemstilling med fleire sider. Korleis skal kyrkja forholde seg til ulike praksisar som folk kan oppleve som sunne og meningsfulle og livgjevande, men som ikkje så å seie er «integrert i tradisjonen og liturgien»? For nokon kan dette dreie seg om «alternative» praksisar knytt til kreativitet, kunst, meditasjon, trening, fargar, lydar, lukter, kropp og helse. For andre kan det vere praksisar og ideal knytt til styrke, aggresjon, kamp, råskap. For atter andre kan det vere knytt til ekstatiske opplevingar, fest og glede og dans og musikk.

I mange tilfelle kan kyrkja freiste å «helge» eit livsområde eller ein livspraksis, og steg for steg ta det inn i den kristne kulturen. Eg trur nok at det er dette biskop Gylver, på eksperimentelt vis, søker å gjere med yoga-praksisen. At det blir diskusjon om dette, er berre sunt, tykkjer eg. Det er ein del av kyrkja «gjer seg opp ei meining». Sjølv trur eg ikkje «yoga-gudstenester» blir ein offisiell del av norske liturgiar med det fyrste; til det er tradisjonane for ulike.



Likevel kan eg sjå noko av det djupare poenget i Gylver sitt «eksperiment»: Det er viktig at den kristne kyrkja står opp om eit sunt forhold til kroppen.

«Eg har lov til alt, men alt gagnar ikkje». «Eg har lov til alt, men ikkje alt byggjer opp». Slik talar apostelen Paulus ein stad. Kvar og ein av oss må gjere eigne val og vurderingar for eigne liv, og finne det som ein sjølv opplever at «gagnar og byggjer opp». Kyrkja må på si side «offisielt» stundom ta stilling til ulike livspraksisar som folk finn meningsfulle. Ofte kan kyrkja – gjerne etter ein god del tautrekking – ta gode ting inn i liturgi og praksis og kultur, i ei form som kyrkja finn høveleg. Og i alle høve vil kyrkja stå opp om alt som er sunt og godt og ære verdt, også når det finnst i andre tradisjonar eller fellesskap.

HNJ

VANDRING FOR FORANDRING

Er du mann og har opplevd sjølv mord?
Då er du velkomen til å vera med på
Vandring for Forandring 2025, ein
to-dagars pilegrimsvandring over
Haukelifjell til Røldal. 6- 7.september
2025 Meir info kan du få hjå prostidiakon
Eilev Erikstein på 91113580

BABY- SONG PÅ HELSESENTERET HAUSTEN 2025

Me er så heldig at Nina Svendsen frå
Vinje kjem til Dalen innimellom for å
leie Baby- songen på Helsecenteret.
Ei av gongene i vår kom det ingen
foreldre eller barn, men song vart likevel.
Nina la om repertoaret og det blei ei god
songsamling for dei eldre.

Hausten 2025 har ein desse samlingane:
15 september kl. 11.30
20 oktober kl.11.30
17 november kl.11.30

DRØYMER DU OM Å KOME SOM PILEGRIM TIL RØLDAL?

Ein dags vandring til Røldal, laurdag
30.august 2025
Frå Svandalsflona til Røldal. 12 kilometer,
Gudsteneste i Røldal kl. 17
Vandringa er i regi av Øvre Telemark
prosti med støtte frå Agder og Telemark
bispedøme. Leiarar ar for vandringa er
Asgeir Sele og Eilev Erikstein

KVILEPLASSEN - ei samtalegruppe
for pårørende til personar med demens.

Kvileplassen er ein stad for å dele tankar
om det å vera pårørende til menneske
med ulike demenstyper. Rundt bordet
med ein kaffikopp i handa kan ein dele
tankar og frustrasjonar. Røynsla er at
det hjelper å dele. Her er det plass til
fleire som har pårønderøynsler. Det
vere seg som ektefelle, bror, syster heller
born. Gruppa er eit samarbeid med
Frivilligsentralen i Tokke og vert leia av
demenssjukeleiar Marieanne Prinse og
prostidiakon Eilev Erikstein

Hausten 2025 har med følgende datoar:

Måndag 8.september 2025 kl. 18

Måndag 27.oktober 2025 kl. 18



BRA FOR VERDA OG GODT FOR TOKKE

I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, tysdagen før Palmesundag, kom det inn 74 000 frå Tokke. 54 000 frå Eidsborg/Mo og Skafså og 20 000 frå Høydalsmo og Lårdal.

Fasteaksjonen er ein stor diakonal dugnad. Men som me alle dugnadar gjer det godt på to vis. Det gjev Kirkens Nødhjelp pengar til mange nye brønner,

Dernest er det godt for oss menneske å gjera noko godt. Å vera raus aukar livskvaliteten, hevdar forskinga. Tokke er på sjuande plass i gjennomsnitt per innbyggjar i landet, på 120 plass mellom landets kommunar.

Konfirmantane gjer ein stor innsats for Fasteaksjonen.



(f.v) Lilly Solheim, Ingebjørg Kvanvik Felland og Emma Sordal Heggard.




LET HUMLA SUSE



Det er eit stort arbeid å halde plenane på kyrkjegardane fine. Men kyrkjetenarane Ståle Skafså og Jan Heddi Haddad, saman med sommarhjelpene står på på dei fem kyrkjegardane i Tokke.

Om nokon reagerar på at graset vekse høgare somme stader, er det av omsyn til naturen.

-Denne våren set me att nokre grasremser i utkantane av kyrkjegardane, seier kyrkjetenarane, slik gjev me småkrypa ro til å gjere si viktige oppgåve. Å vente med å klippe gir ville plantar – som løvetann, tusenfryd og kløver – ein sjanse til å blomstre, noko som gjer viktig mat til pollinerande insekt. I Noreg er det registrert 210 bie- og humleartar. Av desse er 31 prosent hamna på raudlista, skriv Aftenposten.



EE

DUGNADAR I TOKKE



f.v. Marta Taraldlien, Tone Dale Solvang, Gullbjørg Haugholmen, Gunnar Øverland, Hallvard Nordbø
Jørgensen, Ståle Skafså

Kvart år arrangerast dugnadar ved kyrkjegardane i Tokke. Hjarteleg takk til alle som deltek på dette! Soknerådet i Eidsborg, Mo og Skafså arbeider elles dette året også med “inne-dugnadar”, i samarbeid med staben. Her er då arbeid med rydding av diverse, samt kartleggjing av interiør og eigedelar. Rådet sin eigen sylvsmed, Ingrid Kollberg, har også teke på seg ansvar for å pusse kyrkjesyld, og lage liste over kva som finst av slike ting i kyrkjene. (Bak kameraet står elles Margit Felland Krogh).



FØRTI ÅRS JUBILEUM FOR PROSTIDIAKONSTLLINGA

Representantar frå kyrkjelydane i heile Vest-Telemark hadde funne vegen til Vinjehuset søndag 27.april. Den ettermiddagen då Prostidiakonatotet i Vest-Telemark skulle feirast. I desse førti åra har det vore tilsette to diakonar. Det må vel kallast kontinuitet.


Samarbeidet kom i stand som eit kommunalt samarbeid den gong kommunane var arbeidsgjevarar for dei lokalt kyrkjeleg tilsette. I si helsing peika prost Asgeir Sele på at dette kanskje var forløparen til mykje anna godt formelt samarbeid i regionen.

Den lokale gruppa KNOT, supplert med organist Robertas Lamsodis, starta festen med eit knippe Bjørn Eidsvåg-songar.

Konserten var Diakonatotets gåve til alle i salen som på ulikt vis hadde bidrege til at prostidiakonstillinga hadde overlevd og utvikla seg i desse i 40 år.

Etter det var det eit kraftfullt foredrag av Per Emanuelsen følgd av helsingar m.a. frå prostidiakonen i Otradalen prosti (Øvre Setesdal) og diakonikonsulent i Agder- og Telemark bispedøme.

Det vanka og helsingar og blommar frå sokneråda, mellom anna takka Gunhild Lofthus frå Høydalsmo og Lårdal sokneråd.



Per Emanuelsen, den fyrste diakonen i Vest-Telemark



Eilev Erikstein, den andre og noverande diakonen i Vest-Telemark.



Gunnar Øverland overrekkjer Per Emmanielsen eit lankerist og eit bileit.



Musikkgruppa KNOT

MO BEDEHUS

Av dei 11 bedehusa som vi kjenner til eksisterer eller har eksistert i Tokke, har vi no kome til Mo bedehus. Lars Martin Kåsene har kjøpt det av Pinsemenigheten Mo, og har sendt oss denne informasjonen:

Tomta til Mo bedehus blei gjeven i gåve frå garden Håtveit til Pinsemennigheten i 1924. I 1925 blei arbeidet med bygging starta, og tømmer frå ulike gardar blei samla inn og saga på eit vassdrive sagbruk i Auseåi. Det første bygget var på 80 m². Nokre år seinare blei det bygd på eit lite kjøken på austre sida, der det blei koka mange kjelar med suppe. På slutten av 1960-talet blei det rive, og nytt kjøken, gang og ein sal for blant anna sundagsskule blei bygd, totalt ca. 45 m². Nokre år seinare blei det også pussa opp i storsalen, med nytt golv, tak og panel. Halvor Rykkelid var primus motor for det meste som blei gjort. Han hadde eit svært spesielt forhold til bedehuset. Ved Halvors gravferd var det siste gong bedehuset var i bruk.

Anne Lise Rykkelid har sendt fylgjande skildring av kva bedehuset i Mo kunne tilby av ulike aktivitetar:

Bedehuset i Mo har vore far sitt prosjekt dei siste 50 åra. Han var eldstebror, og overtok etter sin onkel, Mikkel Ringestoga. Far var ein raus og trufast medlem i Mo pinsemenighet. Halvor og Åni Håtveit oppgraderte, etterisolerte og fiksa på bedehuset rundt år 2000. Mo pinsemenighet var liten, men med mange trufaste og oppofrande sjeler. Det støtta Anna Strømsrud i 50 år. Ho jobba blant indianarane i Paraguay. Ho var anerkjent for mykje godt arbeid, særlig innan helse og skule. Eg hugsar særleg det vi kalla for «fest». Det var sundag med føremiddagsmøte kl. 1100. Deretter var det nykoka ertesuppe på knokar som dufta nydeleg under føremiddagsmøtet, og vi gledde oss til maten. Til suppa blei det servera påsmurde brødsiver, og så var det kaffi og kaker etterpå. Ettermiddagsmøtet starta ved 14 tida. Det var mykje song og musikk, besøk frå Krossli, eller nokon frå «søskene Kolbjørnsrud» frå Heddal/Notodden.

Bjørn Vik var ein mykje nytta predikant. Han spelte trekkspel og hadde mange born. Eg og syster mi leika at vi var familien Vik når vi kom heim etter møtet. Eg var predikant, og syster mi hadde ansvar for at borna sat stille og roleg under mi tale! Mo bedehus stelte i stand joletrefestar heilt opp til 1980. Mykje folk kom på desse festane. Då vart det servert nydeleg kakao og jolekake. Nissen kom også der og delte ut appelsiner til borna.

Mo bedehus laga også fest på St. Hanseftan. Då kom det mange frå nabobygdene. Mor mi og Malene Seltveit laga rjomegraut og risgraut. Seiste gong mamma var med på dette var i 2005.

Seiste gong bedehuset var i bruk var under gravferda til far min. Då vart både han og bedehuset «gravlagt» i 2012.



Bedehuset slik det var rett før det no blir ombygd til hytte.



Else og Halvor Rykkelid



Interiør



Blomsterbua

Tlf: 35 07 71 67

brithwenche@dalenblomster.no

dalenblomster.no

Kjære innbyggjar,



I ei tid der mykje informasjon går føre seg digitalt, er det ekstra viktig for oss å nå ut til alle – også deg som føretrekkjer papir framfor skjerm. Dette er andre gongen me har eit bidrag i Kyrkjelyden, og me ynskjer å halde fram med det. Desse sidene er stadig under utvikling, og me håpar at denne delen vil bli større etterkvart. Tak gjerne kontakt med kommunens sentralbord om du har tips og ynskje til innhald.

Me har denne gongen vald å setje fokus på psykisk helse og rus, Frisklivssentralen, informasjon om den nyopna Lokalbui og endringar knytt til innbyggjarappen (sjølv om den er digital). Håpar du finn innhaldet nyttig.

Med ynskje om ein god sommar!

Konstituert kommunedirektør, Tone Lunde Skaalen



Frisklivssentralen i Tokke har tilbod om gruppetimar kvar veke:

- Bassengtrening i Tokkebadet
- Sirkeltrening på Elvarheim
- 60+ styrketrening på Tokkegym.

Nokre av timane krev påmelding og eigenandel.

Sjekk ut kommunen sine nettsider under «Friskliv» eller facebookside «Frisklivssentralen i Tokke» for oppdatert informasjon om tidspunkt og oppstart hausten 2025.

Du kan også ta kontakt med fysioterapitenesta
12 på telefon: 469 31 427/ 476 53 192.

Psykisk helse og rus

Avdeling for psykisk helse og rus i Tokke kommune arbeider med å fremje psykisk helse og yte helsehjelp ved psykiske lidingar og rusutfordringar.

Avdelinga har fem årsverk med brei tverrfagleg kompetanse og opplever aukande pågang av brukarar som ønskjer oppfølging.

Du kan sjølv ta kontakt via telefon, sms eller e-post, eller bli tilvist frå anna instans. Tenestene kan vere både lågterskel og vedtaksbaserte, men er ikkje ei akutteneste. Behovet for oppfølging blir kartlagt og tiltak blir avklara saman med brukaren.

Tenesta er gratis, har kort ventetid (1–2 veker) og er tilgjengeleg for alle.

Ta kontakt med fagleiar, Elin R. Erikstein på tlf. 970 58 050




Innbyggjarappen CIVIS har no bytt navn til Friskus kommune

Funksjonane er som før, men det er mogleg du må oppdatere appen for å få seiste versjon. Nedanfor ser du korleis den nye logoen ser ut.

Slik oppdaterar du appen

- Opne App Store eller Google Play.
- Søk etter Friskus.
- Trykk på Oppdater for å installere siste versjon.



AUTENTISK, LOKAL, KVALITET

LOKALBUI

Midt i hjartet av Dalen finn du Lokalbui – ei lita, koseleg bu fylt med gode produkt frå lokale bønder, handverkarar og småskalaprodusentar – laga med kjærleik og stoltheit.

Ved å handle i Lokalbui støttar du det levande bygdesamfunnet vårt, og dei dyktige folka som legg sjela si i det dei lagar.

Opningstider: 10-16 LØR-SØN
10-18 23.6-17.8

Følg @lokalbuitokke på instagram eller "Lokalbui Tokke" på facebook for meir informasjon og utvida opningstider!

Adresse: Aasmund Nordgaards Veg 1





RUISEMINARET 2025

Søndag 1. juni trassa kring tretti menneskje den regnfulle morgonen for å traske anten opp trappa eller inn frå kleivane for å få med seg den femte installasjonen av Ruiseminaret. Heldigvis kom sola fram. Det same gjorde geitene som beiter kring gardstunet. Ruiseminaret har vore eit samarbeid mellom kyrkja i Tokke og Tokke kommune. I år var også Tokke bibliotek med. Det heile byrja med Benedikte Nes, Eilev Erikstein og Hallvard Nordbø Jørgensen. At noko får plass til å vare fleirårig slik i Tokke, er veldig morosamt. Ruiseminaret har liksom blitt ein insitiusjon.

I år var temaet beredskap, eller, om ‘å berge seg’. Hallvard Nordbø Jørgensen byrja med ei gudsteneste for skaparverket, der preika handla om førehaldet mellom teknologi og tru. Om den teknologiske kvardagen som ei andeleg krise, og korleis me kan handtere desse problemstillingane. På orgel hadde me Ingrid Seltveit, og Espen klokka i eit mjølkeglas.

Ordførar Jarand Felland opna seminaret, og snakka om beredskap i kraft av, nettopp det, kraft. Med store utbyggingar og inngrep i naturen vil det også bli vanskelegare å bruke dette arealet til andre ting, som til dømes bustad. Slike tankekors er ein del av tida me lev i. Felland slo også tanken i oss om å roe ned. Framtida blir fin, så lenge me klarar å halde oss med kraft og energi.

Musikk fekk me av Lina Haugholmen, akkompianert med Hallvard på tangentar.

Stein Versto tala og las dikt. Overskrifta laud: “tilhøvet mellom menneske og natur som poetisk innleving”. Her teikna han opp at det finst mange slags språk. Dikt, poesi, song og kunst med sine språk, det intellektuelle og analytiske med sine. Fleire lag. Underteikna hadde aller høyrd om forfattaren Stein hadde nytta til dette; Pierre Teilhard de Chardin, men Stein fekk fram eit levande bodskap. Dikta hans passa godt. Spesielt “Etter regn” slo an tonen på Rui denne dagen. Om å oppdage noko nytt i noko du kjenner så altfor godt.

Småbrukar og skribent Kathrine Kinn frå Kviteseid heldt eit innlegg ho kalla “frå forbrukar til forvaltar” der ho tok oss med på ei reise frå studieliv til mjølkekyr, til det å rydde skog med pulk. Ho set med rette søkjeljos på kva ein sjølv kan utrette, og korleis ein kan finne eigenglede i å sjølvberge seg. Veden varmar tre gonger.

Avsluttningsvis tok Benedikte Nes mikrofonen og utfordra Ursula Van Dam og Eilev Erikstein kring det å berge seg.


Alt i alt kan me skrive at den femte varianten av Ruiseminaret var ein rungande suksess. Så sjåast me neste år!

Christian Utigard

UNGDOMSKLUBBEN 10-16: 50-ÅRSJUBILEUM

Den 26. februar inviterte Ungdomsklubben 10-16 til feiring av at klubben har eksistert i over 50 år. Det heile starta opp hausten 1974 i eit rom i kjellaren på det som på den tida heitte Skafså soknehus. Der heldt klubben til fram til Kyrkjebø skule vart nedlagt i 2005. Då flytta vi opp i etasjen over, og fekk rikeleg med plass. I løpet av åra har medlemstalet variert. I 2024/2025 har klubben 32 medlemmar. Som namnet på klubben indikerer, er dei fleste som går i klubben 10 år og oppover. Dei startar når dei går i 5. klasse. Aktivitetane er svært varierte, alt frå bordspel til airhockey, biljard, bordtennis, fotball og landhockey. Det finst også nokre sjakkentusiastar. Brus må dei unge kjøpe, men gratis saft og kjeks får dei. Av og til kan det by på andre overraskingar også. Når dei 2 timane er snart til ende, samlast alle i klubbromet der det vert litt underhaldning og ein kort andakt. På vårparten reiser vi som regel ut på ein tur. Ofte har det vore til eit badeland.

Klubben er underlagt EMS sokneråd, og har også meldt oss inn i Acta som er Normisjon sin ungdomsorganisasjon. Vi får difor kvart år besøk frå Grenland der Acta har sitt sete. Det fekk vi også då vi feire jubileet, i tillegg til ordførar, varaordførar, leiar i Tokke kyrkjelege fellesråd og medlemmar i EMS sokneråd. Det sette vi stor pris på! Takk til foreldre som har støtta opp. Sender sjølvsagt ei varm helsing til alle som har vore innom klubben i løpet av åra. Gunstein Seltveit, Hallvard N. Jørgensen og Ingrid Seltveit
Leiarar





Byggfag Skreosen og Dalen

Til alle dine byggeprosjekt,
små og store

Dalen: 35077072
dalen@skreby.no

Skreosen: 35055130
post@skreby.no

Lio Auto A/S

Din lokale bilverkstad

Me utfører:

- Mekaniske reparasjoner
- Karosseri reparasjoner
- Lakkering
- Oljebehandling
- 4-hjulsmaling
- AC-service
- Diagnose
- Bilvaskmaskin
- Dekkservice

Me reparerer
alle bilar!



I tillegg utfører me:
Ruteskift
Rensing/flushing av automatkasser
EU-kontroll
Service på alle bilar

3 års garanti på delar og arbeid! Tlf: 35 07 71 32

Lio Auto A/S
3880 Dalen
Tlf: 35 07 71 32
post@lioauto.no

www.lioauto.no

Mekonomen
Bilverksted

YX Dalen

- Softis
- Milkshake
- Fast food
- Nysmurt
- Bollar
- Mobiltilbehør
- Propan

YX Dalen, Storvegen 227, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 71 32



www.lioauto.no

Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

Alt innen gravferd.
Oppsett og oppussing av gravstein.
Stell av gravminne.

telemarkbegravelse.no

tlf. 466 90 000 | post@telemarkbegravelse.no
Mosasida 215, 3840 Seljord

Trygt, omsorgsfullt og verdig

FREDSKVELD I SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE 28. FEBRUAR

«Fred» er eit aktuelt og livsviktig tema i den verda vi lever i. Sjølv om vi lever på ein fredeleg plett av jorda, er det krig og uro hos brør og systre i andre land.

Vi ser at menneskerettar og demokrati vert truga.

Denne kvelden i Fjellkyrkja skulle vi senke skuldrane og puste med magen. Håpet var at kvelden skulle bli eit kvileskjær frå bekymring og uro. Eit kvileskjær der vi fokuserte på fred, ettertanke og påfyll.

Kvelden blei fylt med songar om fred, dikt om fred og refleksjonar om fred.

Fotoklubben kom med flotte bilete som kvar og eitt gav assosiasjonar til temaet.

Tordis Breivik, leiar i klubben, knytta refleksjonar til bileta. Det blei veldig bra.

Anne Marie Brokka og Ingrid Seltveit las dikt. Journalist og forfattar Tesfaldet frå Eritrea delte med oss tankar og meiningar om kva som skaper urettferd, konflikt og krig. Han kom også inn på kva ansvar vi menneske har for å endre den store skilnaden som rår i verda.

Lina Haugholmen, Ingrid Seltveit og Hallvard Jørgensen song «Blowing in the wind» og fleire andre songar om fred.

Kvelden blei avslutta med velsigninga, og ei oppmoding om å gå ut i livet og våren som ambassadørar for fred. Vi kan alle vere med å skape fred i oss sjølve, rundt middagsbordet og med dei vi møter på vår veg.

Er vi gode og romslege med oss sjølve, vil det smitte over på dei rundt oss og gje positive ringverknadar.

«Gå i fred, og møt kvarandre og kvardagen med FRED!»

Venke Bakke





“Fredfull morgon” av Tarjei Kjestveit

Tokke seniornett og Tokke Frivilligsentral

Datahjelp til seniorer.

Vi har kurs/møter/veiledninger
på Frivilligsentralen i Tokke,
hver torsdag kl. 11.00 til
kl. 14.00.

Hotelvegen 1, 3880 Dalen.
Smittevern blir tatt hensyn til.
Alle er velkommen.



TOKKE SENIORNETT

- får seniorene på nett -

tokke@seniornett.no

I SEG SJØLV ER HO DEFINISJONEN PÅ DIAKONI

Det finst gode døme på at ein kan nå langt utan førarkort og bil. Ein kan nå mange, og ikkje minst kome nær folk.

Det har Bjørg Abusland (79) synt på mange vis.

Etter eit liv i skuleverket, som lektor, vart det diakonien som fekk hennar siste år i yrkeslivet. Den gamle A-etaten såg potencialet og gav henne høve til diakonutdanning.

Til Tokke kom Bjørg og Arnfinn for å jobbe på Dalen vidaregåande skule, noverande Vest-Telemark vidaregåande skule, i 1981. Fyrst budde dei i Mo, før dei bygde seg hus på Dalen.

– Me leita etter ein plass midt mellom våre familiar. Min i Østfold og Arnfinn sin på Hornnes, difor kom me til Tokke. I 2002 var kyrkja og Tokke kommune så framtidsretta at dei fekk til ei sjukeheimsdiakonstilling. Ei skreddarsydd stilling for Bjørg. I elleve år gjorde ho teneste ved Helsesenteret.

I 2013 blei ho pensjonist, og no sel Bjørg huset i Hakesflotvegen på Huvestad og flyttar til Oslo. Her bur sønene Torjus og Eivind, og to barnebarn.

I alt Bjørg gjer, er ho trufast. Lyfter bærer av folk. Deler av seg sjølv på ein måte som òg opnar opp for andre. Spreier godt. Vandrar med folk. Bankar på dører. Leier songstunder. Skjønar ikkje alltid at dei små tinga ho meiner seg å gjere, har stor verdi. Så vil ho, den gamle norsklektoren, truleg seie at no blandar du presens og perfektum, at dette var

noko ho gjorde før. Men relasjonar har lengre levetid enn me trur. Dei sit i folk, så lenge dei lever.

Bjørg har gjeve diakonien andlet og innhald. Mest som om ho blir sjølv diakonidefinisjonen: Evangeliet i handling.

Frivilligsentralen har i pensjonisttida vore ein god møtestad for Bjørg. I koronatida vart gå-turane ut frå sentralen viktige.

– Me heldt metersgrensa, gjekk trassig våre turar. Slik sett er det greitt å vera litt nevrotisk. Men pensjonisttida har nok gjort meg litt stressa. Jobben var god å ha for meg. Jobben gav meg ro.

Om ein berre skulle gå på ting når ein har lyst, vart det vel heller ikkje så mange på gudstenestene, tenkjer eg for min eigen del. Det å vera ein del av eit fellesskap forpliktar oss alle. Gudstenestene har ho trufast følgt opp. Dei ein alltid kan rekne med, er eit ekstra gode for ein kyrkjelyd.

Å slutte å jobbe var eit tap. Men då Arnfinn døydde brått for ti år sidan, vart det heller einsamt på Huvestad. Litt av det same saknet kjende ho, då venninna Anne Lise Arneberg døydde i vinter. Om det er noko ho vil sakne frå Dalen? Grannane og det å møte kjentfolk på butikken. Men det vert òg godt å kome nærare familien. Og me kjem til å sakne Bjørg. Men takkar for det ho har gjeve samfunnet her på Dalen.

Eilev Erikstein



TOKKE
FRIVILLIG
SENTRAL

BIBELKVELD PÅ FILADELFIA

I mars vart det skipa til felleskyrkjeleg samling på Filadelfia - eit samarbeid mellom soknerådet og Filadelfia. Tidlegare sokneprest i Lårdal Jarle Bryne heldt ein engasjerande bibeltime med utgangspunkt i forteljingane i fyrste mosebok. Temaet var særskilt korleis desse forteljingane kan gje oss visdom inn i vår tids problemstillingar.

Her var elles god middag, song og musikk. Jarle samla også inn pengar til sitt “hjardebarn”, som er pilegrimsvandring i området mellom Åmli og Tokke. Det vart ein positiv og hyggeleg kveld, og det vil antakeleg bli skipa til fleire slike samlingar framover. Meininga er at dette skal vere ope for alle aldrar, og at det skal vere middag, bibelundervisning og lek og aktivitetar for borna.

Hallvard Nordbø Jørgensen



Svara til førre rebus:
1. Allers 2. Topp 3. Mikke Mus 4. Nordlys 5. Times 6. Motor 7. Michelle 8. Sølvpilen 9. Sun
10. Kapital 11. Varden 12. Dagen 13. Krigsropet 14. Vårt Land 15. Vi Menn 16. Dennis 17.
Tique 18. Fotografi 19. Morgenbladet 20. Hjemmet

REBUS: KVEN ER DETTE?

Send inn svar på rebusen, og dei som har 10 rette eller fleir, vert med i trekkinga. Frist : Ut april til Gunstein Seltveit, Skafsåvegen 705, 3880 Dalen, eller på mail til gunstein@seltveit.no Lukke til!

Førre gong vart dei heldige vinnarane: Tore Kolstad og Tarjei Kjestveit. Gratulerer!


1




2



3



4




5



6



7




8



9



10



11



12



13



14




15



16



17



18



19



20



FILADELFIA DALEN – DET FØRSTE GRENDEHUSET PÅ DALEN



Filadelfia Dalen har røter heilt tilbake til 1907. Telemark var eit kraftig nedslagsfelt for ei ny åndeleg oppvakning på denne tida – som gjekk føre seg i første delen av dette hundreåret. Bandaksalen på Bandak Hotel blei brukt som møtesal dei første åra.

Det første bedehus-bygget stod ferdig i 1924. Det blei sett opp på ei tomt utskilt frå Bandakjordet ved Huvestadvegen. Huset var ei stor tømmerbygning og var det første grendehuset Dalen hadde. Det var godt synleg – sidan Bandakjordet ikkje var utbygdenno.

Det noverande bygget i Bandakjordet 2b blei kjøpt frå den tidlegare tannlegen Olav Rogndal. Huset stod ferdig nyoppussa i 1976, med ein møtesal og ei leilegheit i 2. etasje. Mange lokale krefter var med på dugnad for å få dette i stand!

Ei stor hending i 1982 må òg nemnast: Då kom den 104 år gamle Carl W. Schevenius – bror til Rui-jentene – på besøk til Filadelfia. Han hadde utvandra til Amerika i ung alder og utdanna seg til metodistpastor, men heldt kontakten med heimbygda gjennom alle desse åra.

Filadelfia har drive barne- og ungdomsarbeid heilt sidan 1924. Mange som har vakse opp på Dalen har nok gode minne frå søndagsskule, joletrefest, juniormusikk, Songgruppa, AKIF (Arbeidsklubben i Filadelfia), Fredagsklubben, barneleirar på

Vatnar eller på Fyresdal kurs og leirsted. Det har òg vore ein tradisjon over mange år med fellesmøter med kyrkja kvar februar, anten på Soknehuset eller i Filadelfia.

Det er noko redusert aktivitet der nå pga ingen tilsette – men det er framleis samlingar mange søndagar når det ikkje er gudsteneste på Dalen og korte morgon-samlingar kvar onsdag. I dei seinare åra har konfirmantane hatt faste samlingar der og det har vore jolevandring for barnehagen nokre år.

Eit anna viktig arbeide er etableringa av Tokke Frivilligsentral. Saman med soknerådet i Eidsborg, Mo og Skafså og Tokke kommune, kom sentralen i gang i 2019. Ho har blitt eit godt samlingspunkt – både på dagtid og kveldstid – og vi er veldig glade for å ha vore ein stor pådrivar i arbeidet med sentralen.

Visjonen vidare

Filadelfia Dalen er knytt til Pinsebevegelsen Norge og ønsker å vere eit gjestfritt, økumenisk fellesskap som, saman med kyrkjene i Tokke, kan vere ein stad der vi deler liv og tru. Den kristne trua gir oss ballast i livet – vi kan stå stødigare både i gode og vanskelege dagar. Vi kan kvile i vissheita om at vi er elska og skapt av Gud.

Følg med på Filadelfia Dalen sine Facebook-sider, på oppslagstavler og i VTB – og ta gjerne kontakt! Vi ønsker å fortsette med middags-samlingar som vi har hatt nokre av i den seinare tid. Dersom du har interesse for dette eller vil hjelpe til ein gong iblant – vil vi gjerne høyre frå deg! Vi ønskjer å vere med å bygge fellesskap i desse beredskapstider!

For vidare lesing:

Tokke Historielag Årsskrift 1997: Me blar i Pinsealbumet 1907–1997 / eit jubileum

Tokke Historielag Årsskrift 1989: Utdeling av kulturprisen 1988

av Signe Marie Stenseth



MI FAVORITTSALME - Ragnhild Midtbø

Når eg skal velje ein song som eg har blitt glad i, er det mange fine songar å velje mellom. Her har eg vald ein kjent song skrive av den amerikanske metodistpresten Thomas Chrisholm i 1923:

*«Stor er din trofasthet, Herre og Fader.
Skiftende skygge når aldri din sti.
Du er den samme, din miskunn er evig.
Slik som du var skal du alltid forbli»*

Refr.

*«Stor er din trofasthet, stor er din trofasthet,
dag etter dag gav du nåde på ny.
Himmelske hender gir alt jeg behøver.
Trofaste Herre, hos deg har jeg ly.»*

Denne song vi på 90-års jubileet på Torshaug bedehus i Bandaksli den 12. august 2018. Det er ein mektig song som vitnar om Guds trufasthet gjennom alle desse åra i skiftande tider.

Om vi er trulause, er Han trufast!

Det står i Salme 100 vers 4 i Bibelen:

*«For Herren er god, evig er hans miskunn,
hans truskap varer frå slekt til slekt.»*



SNEKKERMESTER

Per Bjerke AS

Vinduer - Dører - Innredninger
Restaurering - Montering

Snekkerverksted Etbl. 1932



Ring Frode 92888841

Epost: frode@perbjerke.no
Vistadmoen 3, 3880 DALEN



Johre Revisjon

Olav Johre

P.b. 43, 3886 Dalen

Besøksadresser:

Hotelvegen 16, 3880 Dalen

tlf. +4735077550

mobil +4791518005

Epostadresse:

olav.johre@johrerevisjon.no

Web: johrerevisjon.no

SLEKTERS GONG

EIDSBORG, MO OG SKAFSÅ SOKN

DØYPTE:

Jens Sætre Blikom, Skafså
Vegard Rabbe, Eidsborg



DØDE:

Ester Bjørg Heddeslid, Skafså
Elsa Ingeborg Frantzen, Skafså
Hege Gunda Krossli, Skafså
Anne – Lise Arneberg, Skafså
John Arne Krossli, Skafså



GUDSTENESTAR FRAMOVER

For oppdatert og påliteleg informasjon
om gudstenester – sjå framfor alt:
Vest-Telemark Blad og heimesida:
kyrkja.tokke.no

Facebooksida: «Den norske kyrkja i
Tokke» annonserer også
hummer og kanari om det som skjer i
kyrkja.

Merk at alle er velkomne
til å fylgje konfirmantane i
konfirmasjonsgudstenestene. Nokre
av desse gudstenestene kan ha noko
avgrensa plass.



Sundag 8. juni kl. 11: Skafsåheii
fjellkyrkje (Pinsedag)

Fjellkyrkjestemne. Enkel gudsteneste.
Varm mat, kaffi og kaker (200 per pers).
Konsert med trubadur Tore Thomassen.

Sundag 8. juni kl. 18: Lårdal kyrkje
(Pinsedag)

Sundag 15. juni kl. 17: Lårdal kyrkje
Samtalegudsteneste med konfirmantane.
Fest på grendehuset etterpå, familie og
kyrkjelyd velkomne.

Sundag 22. juni kl. 14 (NB): Skafså kyrkje
[Sjå elles «Landstaddagane» i
Seljord denne helga, med m. a.
Midtsumarfeiring, pilegrimsvandring,
folkemusikkmesse].

GUDSTENESTAR

Sundag 6. juli kl. 14 (NB): Eidsborg kyrkje

Sundag 20. juli kl. 11: Eidsborg kyrkje

Sundag 27. juli kl. 11: Eidsborg kyrkje

Olsokgudsteneste. Kyrkjegardsvandring ved Historielaget. Kaffi og kake på museet etterpå.

Sundag 3. august kl. 11: Høydalsmo kyrkje

Torsdag 7. august kl. 18: Eidsborg kyrkje
Liturgisk og meditativ kveldsandakt

Torsdag 14. august kl. 18: Eidsborg kyrkje
Liturgisk og meditativ kveldsandakt

Laurdag 23. august kl. 11 og 13: Skafså kyrkje
Konfirmasjon

Laurdag 30. august kl. 11 og 13: Eidsborg kyrkje
Konfirmasjon


Sundag 31. august kl. 11: Mo kyrkje
Konfirmasjon

Laurdag 6. september kl. 11: Lårdal kyrkje
Konfirmasjon

Sundag 7. september kl. 11: Høydalsmo kyrkje
Konfirmasjon

Sundag 7. september kl. 17: Tokke kulturhus

INFORMASJON
Returadresse
KYRKJELYDEN
Storvegen 60
3880 Dalen



Vest-Telemark

GRAVFERDSBYRÅ

Døgnvakt

928 13 634

Gravferdstenester

Gravstein

Omsliping, påskrift,
vask og oppussing av
eldre gravstein.

www.vtgravstein.no